



RENOVASJON RYFYLKE  
Postboks 8134 (IVAR IKS avd Renovasjon Ryfylke)  
4068 STAVANGER

Kontakt saksbehandler  
Åshild Håbrekke, 51568899

## Rapport etter tilsyn 25.04.2024

Denne rapporten omhandler forhold som blei avdekket under tilsyn hos RENOVASJON RYFYLKE (verksemdnummer: 976302206) 25.04.2024.

Rapporten består av følgende delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar. Nærare forklaring er gitt i del 2.

### Statsforvaltaren avdekket avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren avdekket følgende avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har ikkje oversikt over mengde lagerført farleg avfall
- Avvik 2: Verksemda kunne ikkje vise til ein tilstrekkeleg journal over farleg avfall

Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

RENOVASJON RYFYLKE må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 15.08.2024.

### Statsforvaltaren har merknadar

Me har følgende merknadar:

- Merknad 1: Renovasjon Ryfylke sitt uteområde ber preg av forsøpling.

Merknad er eit forhold som me meiner er naudsynt å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.



## Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at RENOVASJON RYFYLKE må betale eit gebyr på kr. 38 900. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassen.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuingar, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Me viser til varsel om gebyr 06.05.2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassen.

### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ei klage bør vere skriftleg grunna og må sendast til Statsforvaltaren innan tre veker etter at de tok imot dette brevet. Ei eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn.

Dersom me tar klaga til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Me ber om tilbakemelding frå dykk på epost

Me ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfropost@statsforvalteren.no ved Åshild Håbrekke. Merk svaret med saksnummer 2024/6045 og tilsynsnummer 2024.029.I.SFRO.

## Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verksemda har ikkje oversikt over mengde lagerført farleg avfall.

#### Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7, jf. verksemda sitt løyve etter forureiningslova punkt 2.1 og 5.4.

#### Forklaring av krav

Løyvet stiller krav til kor mykje farleg avfall anlegget kan oppbevare samstundes. Anlegget skal føre journal der det blant anna skal registrerast dato for mottak, avfallstypar og mengde, samt dato for vidaresending.

Verksemda er plikta til å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overtredelse av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslvgivinga.

#### Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda hadde på kontrolldagen inga oversikt over mengde lagerført farleg avfall, og kunne ikkje vise til rutinar som sikrar at ramma i løyvet ikkje blir overskriden.

Statsforvaltaren fekk i e-post av 26.04.2024 (dagen etter tilsynet) oversendt ein lagerrapport. Rapporten viser at det er lagerført 118 kg farleg avfall, som er godt innanfor ramma i løyvet. Den oversendte lista er derimot mangelfull, og generelt framstår tala i den oversendte lageroversika som låge.



Det er i lageroversikta til dømes registrert 1,46 kg av avfallsstoffnummer 7123 (herdarar). Under synfaringa observerte derimot Statsforvaltaren sine kontrollørar ein IBC med herdarar som inneheldt to deklarasjonar på til saman 46,5 kg (sjå Bilete 1 under).



Bilete 1: IBC med herdarar observert på kontrolldagen. Den totale vekt i er 46,5 kilo.

Den manglar også fleire fraksjonar i lista, til dømes blyakkumulatorar og usorterte småbatteri, som Statsforvaltaren observerte store mengder av under synfaringa. Impregnerert trevirke, asbest, ftalater, oljefilter, lysstoffrør og gassar i trykkbeholdarar er andre døme på fraksjonar av farleg avfall som Statsforvaltaren observerte på tilsynet men som ikkje er inkludert i den oversendte lista.

## Avvik 2: Verksemda kunne ikkje vise til ein tilstrekkeleg journal over farleg avfall.

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Verksemda sitt løyve etter forureiningslova punkt 5.4

### Forklaring av krav

Anlegget skal føre journal for arbeid knytt til farleg avfall der alle naudsynte opplysningar i samanheng med handtering av farleg avfall blir ivaretatt. Løyvet listar konkrete kulepunkt over kva ein slik journal skal innehalde.



### Observasjoner under tilsynet og vår vurdering

Verksemda har ein journal (VSP Miljø), men klarte ikkje å framvise denne i sin heilheit under tilsynet. Dagen etter tilsynet oversendte verksemda eit dokument som blei kalla «Lagerrapport farleg avfall 2023». Det blei bekrefte på telefon 26.04.2024 at denne viste kva som hadde kome inn på lageret i 2023. Avfallsprodusent er gitt for alle deklarasjonane, men Statsforvaltaraen reagerer på at det i den oversendte journalen kun er lista to næringskundar i heile 2023. Dette stemmer ikkje overeins med avfallsdeklarering.no, som viser at anlegget tok imot farleg avfall frå ei rekkje næringskundar i 2023.

Journalen viser namn på første ledd mottakarar av avfallet, men ikkje kva dato avfallet har blitt vidarelevert. Når anlegget tek imot farleg avfall frå næringskundar blir avfallet deklart på den aktuelle kunden i avfallsdeklarering.no, og Renovasjon Ryfylke vil bli oppført som avfallsmottak. Det vil difor ikkje framkome av avfallsdeklarering.no kva dato og til kva mottak avfallet blir vidaresendt. Verksemda må derfor føre journal for desse opplysningane.

## Merknad 1: Renovasjon Ryfylke sitt uteområde ber preg av forsøpling

### Observasjoner under tilsynet og vår vurdering

Forsøpling, og særleg plast, er eit stort miljøproblem, og det er viktig at alle tar ansvar. Plasten vil med tida bli brote ned til mikroplast av vind og ver, og bli spreidd til jord eller havet med overvatnet.

På kontrolldagen observerte Statsforvaltarens kontrollørar mykje avfall i terrenget på ulike delar av anlegget (Bilete 2-4). Sjølv om anlegget er lokalisert på eit gammalt deponi, er det tydeleg at mykje av avfallet kjem ifrå Renovasjon Ryfylke si drift.



Bilete 2: Forsøpling på avfallsmottaket.



Bilete 3: Avfall både i form av papir og plast.

Statsforvaltaren vil minne om forbodet mot forsøpling i forureiningslova § 28 – ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjennande eller vere til skade eller ulempe for miljøet. Kommunen kan med heimel i forureiningslova § 37 gi pålegg om opprydding.



Bilete 4: Område bak avfallslager som ber preg av forsøpling.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldende krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova blir overholdne. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir inga fullstendig tilstandsvurdering av RENOVASJON RYFYLKE sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sine risikobaserte tilsyn, og inngår i Statsforvaltarens landsdekkande aksjon for anlegg som mottar og mellomlagrar farleg avfall.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åshild Håbrekke
- Sissel Berntsen

Kontaktperson hos RENOVASJON RYFYLKE:

- Njål Tjøstheim

### Anlegg kontrollert

Følgende anlegg tilhøyrande RENOVASJON RYFYLKE blei kontrollert under tilsynet:

- Nordmarka Renovasjon Ryfylke



## Tema kontrollert

Følgande tema knytt til farleg avfall blei kontrollert:

- Mottakskontroll
- Lagring
- Journalføring
- Vidarelevering
- Miljøriskovurdering (handtering av sløkkevatn ifm. brann)

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgande regelverk:

- Verksemda sitt løyve etter forureiningslova av 14.07.2016, sist endra 09.12.2020.
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

## Framlagt dokumentasjon

Framlagt dokumentasjon som ble nytta for å verifisere faktiske forhold under tilsynet:

- «Lagerrapport farleg avfall 2023», oversendt Statsforvaltaren i e-post av 26.04.2024
- «Lagerrapport farleg avfall 25.04.2024», oversendt Statsforvaltaren i e-post av 26.04.2024

## Del 4: Annan informasjon

### Andre forhold

#### Terrenginngrep i forureina grunn

Ryfylke Renovasjon sitt anlegg er lokalisert på Nordmarka Fyllplass (kommunalt deponi) som er registrert med forureina grunn i Miljødirektoratets database Grunnforuresning.

På kontrolldagen blei det observert spor etter graving på uteområdet, og det blei opplyst om at deler av områder har blitt planert (sjå Bilete 5-6). Planering inngår i forureiningsforskrifta kapittel 2 som ein del av definisjonen av terrenginngrep. I dei tilfella der grunnen er definert å vere forureina, skal det leggst fram ein tiltaksplan. Denne skal være godkjent av kommunen før terrenginngrep i forureina grunn kan starte opp.



*Bilete 5-6: Terrenginngrep på anlegget.*

### **Endringer i avfallsforskrifta kapittel 1 om elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall)**

I avfallsforskrifta § 1-8 er det kome nye krav til kommunen. Kommunen skal sørge for at EE-avfall berre kan hentast av godkjente returselskap, eller av aktørar som har skriftleg avtale med kommunen.

Det skal også vere skriftleg informasjon (plakatar) på gjenvinningsstasjonar og liknande om henting av EE-avfall, inkludert at det er straffbart å ta EE-avfall utan skriftleg avtale.

### **Rapporten er endeleg**

Verksemda hadde innan fristen ingen kommentarar til inspeksjonsrapport datert 06.05.2024. Første versjon mangla noko tekst, og det blir derfor sendt ein ny versjon. Det blir gitt ny frist for å gi tilbakemelding på avvik, og gebyret blir vedtatt.

### **Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg**

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via Statsforvaltaren sin postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentleglova.

Med hilsen

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)  
fagleder forurensing

Åshild Håbrekke  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:



IVAR IKS  
STRAND KOMMUNE

Postboks 8134 Forus  
Postboks 115

4068  
4126

STAVANGER  
JØRPELAND